

## HØYRINGSNOTAT

### Fire- eller femdagars skuleveke for 1. og 2.klasse?

Dei fleste barn i Noreg går på skulen kvar dag frå måndag til fredag. Men i nokre distriktskommunar går dei yngste fire dagar i veka. I Innlandet har 11 av 48 kommunar denne ordninga.

Alt i kvalitetsmeldinga for lomsskulen 2013 vart problemstillinga reist:

*Med få elevar er det ei utfordring å oppretthalde eit godt SFO-tilbod. Det gjeld særleg onsdagar. Dersom det er for få påmeldte, kan tilbodet i periodar falle bort da det både blir for dyrt og elles er eit dårleg tilbod når det gjeld barna sitt behov for leik og sosial samhandling.*

*Dersom alle elevar hadde gått på skulen fem dagar i veka, ville behovet for SFO på onsdagar falle bort. Eit anna moment er at det frå ein pedagogisk ståstad er betre med fem kortare dagar enn fire meir eller mindre lange.*

*Måten skuleveka er organisert på, påverkar også barnehagen. Sidan dei yngste elevane har fri onsdag, ynskjer mange foreldre dette som fridag både for seg sjølve og småsøsken. Såleis blir det stort trykk på barnehageplass måndag, tysdag, torsdag og fredag, med ledig kapasitet onsdag.*

Det er ikkje mykje forska på organisering av skuleveka. Men av relevant og nyare forskning kan nemnast eit studie gjort i Agder. Rapporten frå studiet "Lokale konsekvenser av fire dagers skuleuke. Et studie av fire kommuner på Agder." (RAPPORT 13 – 2019 NORCE Samfunnsforskning) har vore nyttig i arbeidet med høyringsnotatet.

Det er mange omsyn som skal vegast mot kvarandre. Under er det ei kort beskriving av ulike faktorar som må med i vurderinga.

### Oversikt over skuleveka for dei ulike klassane

Slik det er nå:

1440	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.- 2.kl.	0855-1440	0855-1440	Fri	0855-1440	0855- 1330
3. kl	0855-1440	0855-1440	0855-1245	0855-1440	0855-1330
4.-7. kl	0855-1440	0855-1440	0855-1245	0855-1440	0855-1440

SFO-tilbod før og etter skulen alle dagar og ved minst fem påmeldte onsdag.

Slik det kan bli:

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.- 2.kl.	0855-1330	0855-1330	0855-1245	0855-1330	0855- 1330
3.kl.	0855-1440	0855-1440	0855-1245	0855-1440	0855-1330
4.-7. kl	0855-1440	0855-1440	0855-1245	0855-1440	0855-1440

SFO-tilbod før og etter skulen alle dagar.

Dette er den organiseringa som blir billigast, med tre ekstra utkøyringar. Fører til 1 time meir i veka for 1.-2.kl. Timen kan nyttast fleksibelt.

### Elevane sitt læringsutbytte

Det er mange pedagogiske argument for fem kortare dagar framfor fire lange.

- Læring kvar dag. Høgare og jamnare læringstrykk ved fem dagar framfor fire. Kan ikkje erstattast av lange ettermiddagar og meir slitne elevar.
- Betre kontinuitet. Med fri onsdag kan torsdag bli som ein måndag der ein startar veka på nytt.
- Betre læringsvilkår med jamnare fordeling av undervisning og arbeidsbelastning i veka, både for elevar og tilsette.
- Meir opplagte elevar mot slutten av dagen.
- Jamne økter og drypp kvar dag under rettleiing av profesjonelle lærarar er særleg viktig i lese- og skriveopplæring .

Trass i pedagogiske argument for femdagars skuleveke viser studiet av dei fire kommunane i Agder ingen opplagte teikn på at læringsutbyttet er annleis med fire dagars skuleveke. Det var ikkje store avvik frå gjennomsnitt for fylket, målt i resultat på nasjonale prøver, grunnskulepoeng og gjennomføring i vidaregåande. Det må understrekast at dette er kommunar med til dels svært små kull. Sjølv om ikkje forskning direkte viser samanheng mellom læringsutbytte og skuleveke, er det ei kjensgjerning at jamne drypp og kontinuitet er sær s viktig i lese- og skriveopplæringa.

### **Meirkostnad skuleskyss**

Med den skyssmodellen og det elevtalet vi har nå, vil meirkostnadene pr år vere ca 60 000. Sidan elevtalet for 1. og 2.kl. blir omtrent halvert på få år, vil meirkostnadene bli vesentleg lågare etter kvart.

### **Eventuell utviding av timetal**

Dersom nasjonale krav til undervisningstimar skulle auke med meir enn ein time, vil det vere umogleg å ha firedagars skuleveke, jf tabellen over.

### **SFO**

Ei god SFO- ordning som sikrar eit fem dagars tilbod er i denne samanheng svært viktig. Men elevtalet går ned, og det blir i framtida enda meir utfordrande å oppretthalde SFO på onsdagar sidan det må vere fem elevar for at tilbodet kan gjevast. Det er viktig å understreke at SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar, noko som betyr at det bør vere ein viss storleik på gruppa. Derfor har Loar ikkje hatt tilbod dei siste åra. Dette skapar problem for dei foreldra som ikkje kan ta fri onsdag og ikkje har høve til å ordne seg med barnepass på annan måte. Vi har eksempel på foreldre som har hatt barnet sitt i SFO i Vågå fordi det ikkje har vore tilbod i Lom.

Da det er uråd å vite kor mange elevar som til kvar tid vil bruke SFO-tibodet, er det umogleg å seie noko eksakt om eventuelle auka kostnader som følgje av at det blir fleire timar SFO. Loar skule har god tilgang på assistentar med totalt 5,2 årsverk og har derfor moglegheit til å omdisponere stillingsressurs til SFO utan at det treng tilsetjast nye. SFO er dessutan ei betalingsteneste slik at inntektene også vil spele ei rolle. Elles vil som tidlegare nemnt elevtalet gå sterkt ned dei neste åra.

### **Sårbare barn**

Ved vurdering av fire- eller femdagars skuleveke, er det sær s viktig å sjå på konsekvensar for sårbare og risikoutsette barn. Det kan vere barn med spesielle behov, minoritetsspråklege barn, barn som treng spesialundervisning eller barn som ikkje får god nok omsorg heime. Det kan også vere barn i familiar som ikkje har økonomi til å bruke SFO eller som ikkje har råd til å gjere det på fridagen som

mange andre familiar gjer. Vi må vurdere om den måten vi organiserer skuleveka på bidreg til tidleg innsats og sosial utjamning, eller om vi har ei ordning som er med på oppretthalde forskjellane.

### **Heiltids-/deltidskultur, næringsliv, likestilling, omdømme**

Rapporten som er nemnt over slår fast at ein må sjå på organisering av skuleveka i langt større perspektiv enn berre sjølve skulen. Forskarane er meir opptekne av andre forhold, som heiltidskultur/deltidskultur, likestilling, næringsliv, gode tenester og omdømme. Sjølv om forskinga er gjort i ein annan landsdel, er det samanliknbare kommunar i storleik, og truleg er ikkje bildet så ulikt Lom. Også i Lom er fire dagars skuleveke ei innarbeidd ordning som arbeidslivet langt på veg har tilpassa seg ved at svært mange, stort sett kvinner, har fri onsdag. Ikkje minst er kommunal drift prega av ein sterk deltidskultur. Også vi bør planlegge med tanke på å sikre gode tenester med nok arbeidskraft og kompetanse i framtida, spesielt innan helse- og omsorg. Også vi bør stille oss spørsmålet om fire dagars skuleveke støttar opp under tradisjonelle normer og kjønnsrollemønster og bidreg til likestilling.

Næringsjefen har fått innspel frå lokalt næringsliv om at fire dagars skuleveke skapar til dels store utfordringar i arbeidskvardagen. Dette er ikkje gjort nokon undersøking om kor omfattande problemet er, men det er ingen tvil om at det er vanskeleg for dei det gjeld.

Vi har hørt at unge foreldre som kunne tenkt seg å bu i Lom, har valt Skjåk på grunn av skuleveka. Derfor bør vi også sjå på skuleveka i eit omdømme- og tilflyttarperspektiv, om vi framstår som "gjestfri og nyskapande."

### **Barna og foreldre si oppleving av fridagen**

Det er ikkje vanskeleg å forstå at dei fleste barn set pris på fridagen. Hadde vi spurt barna, ville ei stor overvekt mest sannsynleg gjeve uttrykk for at dei er tilfredse med fridagen. Dei ville fortalt om leik, lekser, besøk hos besteforeldre, venner, turar, familie og dyr. Men enkelte ville kanskje fortalt om stor inaktivitet og heller lite av skulearbeid, fysisk aktivitet og elles den aktiviteten vi likar å tru skjer. Ikkje alle har foreldre eller andre som kan gje dagen godt innhald.

Det er heller ikkje vanskeleg å forstå at mange foreldre som har anledning til det, ynskjer å ha ein dag heime med barna midt i veka. For mange er dette ei verdival. Dei ynskjer eit pusterom i ei hektisk veke og meir tid til å vere saman med og gjere hyggelege aktivitetar med barna. Mange har besteforeldre eller andre som trår til på onsdag når foreldre ikkje sjølve kan vere heime. Men ikkje på langt nær alle har moglegheit for ein dag fri eller har nettverk å støtte seg på.

### **Råd frå forskarhald**

*"Det er viktig å synleggjøre både positive og negative konsekvenser og endringspotensiale kommunen har. Debatten må flyttes fra å diskutere med ståsted i verdier, til det helt praktiske og hva det kan bety for den enkelte kommunes fremtid. Debatten må også flyttes fra å omhandle skole til å omhandle regional utvikling og kommunens ressursutnyttelse. I dag synes den verditunge debatten å bli for overfladisk og man konkretiserer ikke hva som helt konkret ligger i standpunktene og praktiske konsekvenser av disse," (s.51 RAPPORT 13 – 2019 NORCE Samfunnsforskning. )*

**Lom kommune ber om attendemelding på følgjande problemstillingar:**

1. Korleis blir elevane sitt læringsutbytte påverka av fire lengre skuledagar og avbrekk midt i veka sett opp mot fem kortare dagar?
2. Kva er dei positive sidene ved å halde fram med firedagars skuleveke?
3. Korleis kan organisering av skuleveka påverke læringsutbyttet og sosiale forskjellar spesielt for sårbare elevar?
4. Kva konsekvensar kan organisering ha for likestilling og heiltidskultur?
5. Kva konsekvensar kan organisering av skuleveka ha for tenesteproduksjon og verdiskaping i offentlig og privat sektor?
6. Kan skuleveka ha noko å bety for Lom sitt omdømme som ein attraktiv kommune å flytte til?

Uttalar skal sendast [post@lom.kommune.no](mailto:post@lom.kommune.no)